



Skulemusikken spelar i kyrkja før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen Skulemusikk hadde i fjor driftskostnader på 176.966 kroner, inntekter på 205.899 kroner og eit overskot på 32.160 kroner. Det går fram av rekneskapan som er sendt i samband med at korpset søker om kommunal driftsstønad for 2008.

I 2006 var driftskostnadene 126.632 og overskotet 2.208 kroner. I kasse og bank ved siste årsskifte hadde skulemusikken 197.619 kroner.

På inntektssida var arrangement den største posten med 115.242 kroner medan gåver og tilskot kom opp i 56.647 og tur 20.375. På utgiftssida kosta instruktørar og dirigent 58.072, tur 52.234, drift 15.796 og seminar 13.744 medan instrumentposten var på 11.172 kroner.

Korpset har eit omfattande og ambisiøst program også for dette året. Under planlagde nye tiltak og særskilde arrangement i 2007 nemnar Ragnhild G. Zimmer i søknaden konserten med Frank Brodahl, trommekurs, seminar, tur, sommarkurs, Karmøy Brass og 40-årsmarkering.

Skulemusikken har no 29 aktive medlemmer under 18 år. I fjor hadde dei 59 samlingar.

Av Ola Matti Mathisen